**STYRET**
Sverresborg
Idrettsforening

# STYREMØTE 22.01.13 2012/2013

Årsmøteperioden 2012/2013

**TID.:**

**REF:** TR

# REFERAT

**STED: KLUBBHUSET**

| DELTAKERE | | FUNKSJON | TLF/FAKS/E-POST | TILSTEDE |
|---|---|---|---|---|
| Tor Røed | **TR** | Leder | torroed@broadpark.no | x |
| Svein Åge Relling | **SÅR** | Nestleder | sveinrel@gmail.com | x |
| Eva Grande Rø | **EGR** | Allidrett | eva-grande.ro@trondheim.kommune.no | x |
| Elin Yli Dvergsdal | **EYD** | Styremedlem, vara | elin_dverg@yahoo.no | x |
| Lars Talgø-Kristiansen | **LTK** | Representant fotball | Lars | x |
| Jorid Solem | **JS** | Representant handball | jorid.solem@entercard.no | x |
| Morten Tøfte | **MT** | Representant basket | motofte1@online.no | x |
| | | | | |
| Bjørn Morkemo | **BM** | Økonomi utanfor styret | bjmorkemo@gmail.com | |

| | ANSV. | FRIST |
|---|---|---|
| **SAK 20 -2012/13 GODKJENNING REFERAT**<br>Ingen komm. | | |
| .<br><br>**SAK 21 -2012/13 KONSTITUERING STYRELEIAR**<br>TR flyttar frå byen i februar, og kan derfor ikkje ivareta rolla som styreleiar. TR går derfor ut av styret og SÅR blir konstituert som styreleiar fram til årsmøtet. Årsmøtets valkomite er orientert om konstitueringa. | | |
| **SAK 22-2012/13 POLITIATTESTAR**<br><br>Forslag Basket.docx<br><br>TR orienterte om bakgrunnen for ny praksis som vart innført på styremøte i januar 2012. Diskusjon rundt praktiske spørsmål og behovet for intensivert rutine.<br><br>Forslag om presisering etter styrevedtaket jan 2012; | | |

Alternativt forslag:

Vedtaket frå januar 2012 er framleis gjeldande, men med denne presiseringa:

1. Alle tillitsvalgte i SIF skal årleg levere politiattest.

2. Oppfylgjing av den enkelte skjer etter 12 mnd intervallar, og blir sjekka pr 1/12 kvart år.

3. Intensjonane ved ordninga og praktisering blir elles gjort etter retningslinjene frå NIF.

Eit ynskje om votering mellom forslaga fekk fylgjande resultat: 1 røyst for forslaget frå Basket, 6 røyster for det alternative forslaget. Det alternativet forslaget vart dermed vedtatt, og er gjeldande for alle idretter i SIF.

## SAK 23-2012/13 KVA GJER VI MED GAMLE UTESTÅANDE BELØP SOM MEDLEMSAVGIFT?

Oversyn viser at SIF har utestående medlemsavgift på kr 48 775 for perioden før 1/1 2012. Kr 21 175 av dette er frå perioden før 1/1 2011.

Vedtak:
1. Ingenting av utestående beløp blir ettergitt for spelarar som er aktive i SIF i dag
2. Dei som melder overgang til andre klubbar må sjekkast av idrettene. Dette gjeld evt utestående beløp mot både eige lag/idrett og medlemsavgift.
3. For dei som ikkje lenger er aktive i idrett ser vi liten gevinst i å prøve å hente inn utestående for perioden før 1/1 2012. Utestående for perioden før 1/1 2012 blir fylgjeleg ettergitt.

## SAK 24-2012/13 MEDLEMSREGISTRERING I LAGA

Jfr sak 17 2012/2013. Fylgjande har ansvar for medlemsregistrering i idrettene;
Basket: Mathias Aarskog
Handball: Jomar Frengen
Allidrett: Elin Yli Dvergsdal
Fotball: Ikkje utnemnt enno, men melder raskt tilbake med ansvarleg

Desse fire møter til felles kurs i Wisweb-systemet med repr frå Ranheim IL. Det er viktig at alle fire er med på kurs for å etablere felles praksis i alle idrettene i SIF.

## SAK 25-2012/13 STRAUMKUNE NTE

Repr frå SIF skal ha møte med Ingvild Øfsti/NTE 31.1.2013 for å vurdere evt forlenging av sponsoravtalen. Status i bonusordninga er 2 straumkundar og 1 fiberkunde (under møte kom det fram at Basket har rekruttert nokre fleire som blir registrert). Brei semje om at dette er alt for dårleg mtp håp om evt forlenging av sponsoravtalen. Stor risiko for at NTE vil avlutte. Derfor heilt nødvendig at samtlege intensiverer rekrutteringsarbeidet umiddelbart.

**SAK 26-2012/13 EVT**

1.Notat frå fotball om rekruttering.

Notat_Rekruttering.docx

Ettersom dette er evt-sak kan ikkje styret handsame dette som ordinær sak. Styret tar gylgjeleg innhaldet i notatet til orientering, og vil evt vurdere å diskutere innhaldet som eiga sak. Evt vedtak av innhaldet må i siste instans vedtas av årsmøtet i SIF.

2. Veggreklame

Styret har i januar hatt ein mail-diskusjon etter søknad frå fotball om bruk av klubbhusvegg til reklame for sponsor. Styret hadde ikkje innvendingar til denne søknaden, men ba fotball forholde seg til gjeldande reglar for slik annonsering i Trondheim kommune.